



KI-notat nr.: 36 /2010- Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Røneid kraftverk AS/Røneid Kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Luster		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Frank Jørgensen	Sign.:	
Dato:	01 JUN 2010		
Vår ref.:	NVE 200707229 - 22		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Søknad om tillatelse til bygging av Røneid kraftverk i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	13
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	17
NVEs vurdering	20
NVEs konklusjon	23

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Røneid kraftverk i Kvernelvi og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov. Det er søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg.

Prosjektområdet ligger i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke. Nedbørfeltet er 10,3 km² og drenerer ut i Jostedøla. Langs den planlagt utbygde strekningen i Kvernelvi går det flere skogsbilveier på begge sider og det er ellers flere eksisterende inngrep langs vassdraget, særlig i nedre del av det planlagte tiltaket. En utbygging iht. planene vil ikke innebære reduksjon av INON områder.

Det planlagte kraftverket har lavt konfliktnivå, og høringsinstansene mener den planlagte utbyggingen kan aksepteres. Den største negative effekten ligger i elvas betydning for fugl, fisk og biologisk mangfold. Det er planlagt slipp av minstevannføring lik alminnelig lavvannføring i sommersesongen og halvparten av lavvannføringen resten av året. Fylkesmannen og turlaget mener det bør være en noe høyere minstevannføring, tilsvarende 5-persentil verdier sommer og vinter.

Kraftverket vil gi et positivt bidrag i form av ny fornybar energiproduksjon på ca. 14,7 GWh/år. Det er ikke registrert rødlistede arter i influensområdet. Fossekall hekker langs elvestrengen og de siste 200 meterne av berørt elvestreng er anadrom samt videre nedenfor planlagt kraftverk. NVE mener det er av betydning at det blir sluppet minstevannføring og at det er mulighet til å gjøre habitatforbedrende tiltak for fossekall og sjørret. Det er registrert tre viktige naturtyper. To viktige viltlokaliteter og ei bekkekløft. Med avbøtende tiltak mener NVE at virkningene for disse lokalitetene er akseptable.

Ved å unngå fysiske inngrep i naturtypene så langt det lar seg gjøre og med slipp av en sesongbasert minstevannføring mener NVE at tiltaket kan aksepteres med tanke på virkninger for allmenne interesser.

NVE mener fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Røneid kraftverk AS tillatelse til å bygge Røneid kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Røneid grunneierlag, datert 22.05.2007:

"Røneid kraftverk AS ynskjer å nytte vassfallet i Kvernelvi (vassdragnr. 076.A0) i Luster kommune i Sogn og Fjordane og søker med dette følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:

- Å bygge Røneid kraftverk med installert effekt på inntil 4,3 MW.

2. Etter energilova om løyve til:

- Å installere ein generator på inntil 4,7 MVA med elektrisk anlegg
- Å installere naudsynt koplingsanlegg for kabeltilknytning
- Bygging og drift av Røneid kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg for kabeltilknytning som omtala i søknaden.
- Signal- og straumforsyning leidning/kabel mellom inntaksdam og kraftstasjon."

Røneid kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	10,3	
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	16,62	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	51,2	
Middelvanntføring	m ³ /s	0,52	
Alminnelig lavvanntføring	m ³ /s	0,044	
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,274	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,056	
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	525	
Avløp	moh.	25	
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	2200	
Brutto fallhøyde	m	500	
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	1,185	
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,04	
Slukeevne, min	m ³ /s	0,05	
Tilløpsrør, diameter	mm	700	
Tunnel, tverrsnitt	m ²		
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	2200	
Installert effekt, maks	MW	4,3	
Brukstid	timer	34200	
MAGASIN			
Magasinivolum	mill. m ³		
HRV	moh.		
LRV	moh.		
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,06	
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	10,65	
Produksjon, årlig middel	GWh	14,71	
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	35,8	
Utbyggingspris	kr/kWh	2,44	
Røneid kraftverk, Elektriske anlegg			
GENERATOR			
Ytelse	MVA	4,7	
Spenning	kV	1,0	
TRANSFORMATOR			
Ytelse	MVA	5,6	
Omsetning	kV/kV	1,0/22	
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)			
Lengde	km	0,2	
Nominell spenning	kV	22	
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel	

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Luster kommune har i kommunestyremøte den 20.11.2008 vedtatt følgende:

"Luster kommunestyre syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Røneid kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg som omsøkt med dei avbøtande tiltaka som søkjaren sjølv foresler.

Fra saksutredningen refererer vi følgende:

[...]

Konsekvensar for miljø samfunn m.v.

Miljørapporten peikar på tre viktige naturtypelokalitetar i tiltaksområdet. Det gjeld to gråorheggeskog- lokalitetar og ei bekkekløft. Frå før er Folabrekka registrert som verdfull naturbeitemark. Lokalitet nr. 1 Kvernhusøyane, gråor-heggeskog, ligg i nærleiken av stasjonsområdet og vil i nokon mon bli påverka av utbygginga. Lokalitet nr. 2 Rakefes, gråor-heggeskog, ligg omlag halvveges opp etter røygata. Lokaliteten er frå før gjennomskoren av skogsveg. Røygata vil passera like utanfor og lokaliteten vil i liten grad bli berørt/påverka av utbygginga. Lokalitet nr. 3, bekkekløfta, ligg i området der inntaksdammen er planlagt og vil bli berørt av utbygginga.

I rapporten er det uttalt om lokalitet nr. 1 at det beste vil vera om han kan få vera mest mogeleg i fred for alle former for inngrep. Om lokalitet 2 er det tilrådd at ein bør unngå ytterlegare fysiske inngrep på han, som til dømes hogst og graving. Lokalitet 3, bekkekløfta, er tilrådd å få vera i fred for alle former for fysiske inngrep.

Det flatare partiet av Kvernelvi har verdi som gyte- og oppvekstområde for sjøaure og grunneigarlaget fekk i 2001 utarbeidd ein fagrapport av Universitetet i Bergen for å kartleggja produksjonspotensiale og vurdering av habitatfremjande tiltak. I rapporten vert det m.a. tilrådd utbetring av eksisterande tersklar nedanfor riksvegen og bygging av nye tersklar og hølar ovanfor. I anleggsfasen vil det lett lata seg gjera å gjennomføra ein del av desse tiltaka.

Lenger oppe i vassdraget, ovanfor inntaket, skal det også vera sleppt fisk. Men strekninga frå inntaket til stasjonsområdet er svært bratt, så sjølv om fisk ovanfor truleg har sleppt seg ned, er det ikkje kjent at det har vore fiska der.

Til saman er det 14 grunneigarar som har fallrettar i den delen av vassdraget som søknaden omfattar. Dei fleste av dei er busette i Luster kommune. Prosjektet vil generera inntekter til eigarane. I anleggsfasen vil investeringa gje ringverknader i form av kjøp av varer og tenester. Etter utbygginga vil kommunen få 13,2 % og fylkeskommune og stat 14,8 % skatt av utrekna inntekt frå kraftverkseigarane. Kommunen vil dessutan få eigedomsskatt på mellom 95 000 og 240 000 kroner avhengig av nivå på spotmarknadspris og produksjon.

Tilhøvet til overordna planar

I arealdelen til kommuneplanen er tiltaksområdet definert som LNF-område.

Kommunedelplanen for småkraftverk plasserer Kvernelvi i grøn konfliktsone. Om slike område heiter det i planen at: "Desse områda er prega av lite konfliktnivå og/eller store

positive lokale ringverknader. Her bør det planleggjast med tanke på å få god teknisk og økonomisk utnytting av ressursane."

Storleiken på utbygginga tilseier at prosjektet ikkje treng handsaming i Samla Plan.

Kvernelvi ligg ikkje innanfor område som er med i verneplanar av noko slag.

Tiltaket vil ikkje påverka "inngrepsfrie naturområde".

Avbøtande tiltak

Miljørapporten tilrår at det vert sett vilkår om minstevassføring. Utbyggjar søker difor om konsesjon med minstevassføring på 0,5 gonger alminneleg lågvassføring om vinteren (22 l/s) og 1 gonger alminneleg lågvassføring om sommaren (44 l/s).

Turbinen i kraftverket vil bli planlagd med ordning som slepper vatnet gjennom maskina etter stans for å hindra brå variasjonar i vassstanden og negative konsekvensar for fisk.

Elvelaupet vil bli opprydda etter utbygginga slik at flaumar kan gå uhindra i det naturlege laupet.

Sjølv om kraftstasjonen vert plassert i god avstand til fast busetnad, vil det bli sett fokus på å finna løysingar som reduserer støyen frå stasjonen mest mogeleg, som retning på utlaupskanal, vasslås frå turbinen o.l.

Fossekallen som er registrert i vassdraget kan få forverra vilkår etter utbygging i miljørapporten vert det føreslege som avbøtande tiltak å setja opp hekkedassar ved mindre stryk/fossar. Utbyggjar er innstilt på å gjera det.

Vurdering:

Kvernelvi er lite synleg i terrenget, sjølv i flaumperiodar. Langs vegen opp til Folabrekka er det til saman berre eit par hundre meter av elva ein ser. Sett frå Skarpamoen og riksvegen er det også berre eit lite parti av elva som er synleg.

Miljømessig vil alltid redusert vassføring påverka artar som er knytt til vassdraget. Men her er ikkje påvist raudlisteartar og med krav om ein nærare spesifisert minstevassføring bør ein på forsvarleg måte kunna tilgodesjå dei vasslevande organismane i vassdraget.

Hovudregelen i vassressurslova sin § 10 seier at "Ved uttak og bortledning av vann som endrer vannføringen i elver og bekker med årssikker vassføring, skal minst den alminnelige lavvannføring være tilbake, hvis ikke annet følger av denne paragraf".

Den samla vurderinga i miljørapporten er likevel at det planlagde tiltaket vil bli **lite/middels** negativt for dei kartlagde naturverdiane.

Det er også eit poeng i at det finst tilsvarende naturlokalitetar knytte til vassdrag i nærleiken som ikkje vil bli bygde ut.

Negative konsekvensar av kraftutbyggingar må vegast opp mot dei positive. Eit viktig element på den positive sida er at vasskraftutbygging legg til rette for produksjon av rein energi, noko som i neste omgang fører til reduserte utslepp frå ureinande kraftproduksjon. Jf. her også det pågåande arbeidet i Luster kommune med miljøplan som set fokus på dette.

Nokon negative konsekvensar må såleis tolast og rådmannen vil etter ei samla vurdering tilrå konsesjon som omsøkt under føresetnad av at dei avbøtande tiltaka som søkjaren sjølv føresler, vert gjennomført. Denne vurderinga gjeld også omsøkt minstevassføring som i vinterhalvåret kun er det halve av alminneleg lågvassføring og dermed mindre enn det som går fram av hovudregelen i vassressurslova."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler følgende i brev av 27.01.2009:

"Tilråding

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga på visse vilkår er akseptabel i høve til allmenne interesser. Fylkesmannen vurderer tilsvarande at tiltaket kan akseptast i høve til ureiningslova, og lakse- og innlandsfiskelova.

[...]

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfri område (INON)

I søknaden vert det vist til landskapsvurderingar utført i samband med Luster kommune sin kommunedelplan for småkraftverk. Elva er i all hovudsak lite synleg i hovuddalføret fordi den ligg delvis nedsenka i terrenget og det er frodig vegetasjon langs elva. Ved kraftverksområdet er det eit stort masseuttak og betongverk.

Ein gamal hesteveg som går langs elva oppover til stølane er nytta som lokal tur- og trimrute. Det er sett opp postkasse med registreringsbok på strekninga. Fram til synfaringa 18.09. var det ca 340 registreringar i boka for 2008. For heile 2007, som hadde ein god del dårlegare sommarver, var det ca 300 registreringar. Elva er ein del av naturopplevinga i høve til denne vegen/stien.

INON vert ikkje redusert med den planlagde utbygginga.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Aurland Naturverkstad ved Finn Gunnar Oldervik og Karl Johan Grimstad, har gjort ei naturkartlegging i området. I samandraget heiter det: "Utbyggingsområdet som heilskap utpeikar seg ikkje som eit område med særskilt høge naturverdiar, men det er registrert og avgrensa to gråorheggeskogar og ei bekkekløft med store verdiar. I tillegg er det ein seterstøl innan/nær området med svært store naturverdiar. M.a. er det registrert fleire høgt raudlista soppartar på den lokaliteten. Elles er det truleg at også fleire raudlista fugleartar har tilhald i nærområdet, i tillegg til hønsefugl. Fossefall er også registrert som hekkande i elva." Det er vidare peika på at produksjonen av insekt, som m.a. er næring til fossefall og fisken på anadrom strekning, vil bli redusert ved lågare vassføring.

Inntaket vil påverke bekkekløfta. Ein mindre del vert påverka med inntaksdammen, og ein større del ved redusert vassføring nedstraums dammen. Dette vil få mindre verknad dersom røyrgata vert ført bort frå elva i øvre del og det vert ein del vassføring i elva nedstraums inntaket. Den eine gråor-heggeskoglokaliteten (nr. 2 Rakefes) vert unngått med det røyrgatealternativet som er valt. Det er vanskeleg å unngå inngrep i den nedste gråorheggeskoglokaliteten da det på grunn av andre omsyn ikkje er gode alternativ for plassering av kraftverket.

Fisk og fiske

Kvernelvi renn saman med Jostedøla kring 2,5 km før Gaupnefjorden. Avløpet frå kraftverket går ut i Kvernelvi omlag 600 m oppstraums samløpet med Jostedøla. Jostedøla har om lag 21 km anadrom strekning (auka frå 14 km i 2002). Elva var i utgangspunktet kald, og etter reguleringane vart temperaturen ytterlegare senka på viktige tidspunkt for yngelen. Laksen klarar seg difor svært dårleg i elva, medan sjøauren tåler lågare temperaturar og klarar seg noko betre. Dei mindre sidevassdraga vil ofte ha ein litt høgare temperatur enn hovudlauget. Det er difor viktig å ta vare på sideelvane som er viktige gyte- og oppvekstområde for sjøaure. Jostedøla blir kultivert av utbyggjaren Statkraft.

LFI-Unifob viser i rapport 138 til at reguleringa av sideelvar som tidlegare representerte gunstige gyte- og oppvekstareal, har redusert produksjonspotensialet for sjøauren i vassdraget. LFI-Unifob har dei siste åra utført elektrisk fiske på ein lokalitet i Kvernelvi. På denne lokaliteten, som ligg litt ovanfor riksvegen har det dei seinare åra vore relativt bra tettleik av aure, med innslag av både årsyngel og eldre aureungar. (Dette er undersøkingar som LFI-Unifob ikkje har publisert enno). Ei utbygging av Kvernelvi bør difor ikkje gjere tilhøva for sjøauren i elva dårlegare. For at ikkje dette skal skje bør det vere tilstrekkeleg vassføring i elva, eventuelt kompensert med habitatbetrande tiltak som tersklar og utlegging av gytegrus. Det er og viktig å unngå utfall og overmetning.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Vassforsyningsanlegget som ligg oppe i vassdraget må sikrast nok vatn utanom minstevassføringa. Dette bør skje automatisk og ikkje vere manuelt styrt, ev. at ein finn fram til andre løysingar for vassforsyning.

Kraftstasjonen blir liggande i nærleiken av masseuttaket, det er elles meir enn 200 m til næraste busetnad. Søkjar har vist til at det vil bli gjort støydempende tiltak, og ut i frå dette ventar vi ikkje at det vil bli støyproblem i samband med drift av kraftverket.

Landbruk

Utbygginga kan i følgje søknaden ha positive konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Fylkesmannen oppsummerar at den planlagde vasskraftutbygginga er i konflikt med viktige naturtypar og friluftsinnteresser. Avbøtande tiltak gjer likevel at ei utbygging kan vere

akseptabel. Det er også viktig at anadrom strekning ikkje vert påverka av kraftverksutbygginga.

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga på visse vilkår er akseptabel i høve til allmenne interesser. Fylkesmannen vurderer tilsvarande at tiltaket kan akseptast i høve til ureiningslova, og lakse- og innlandsfiskelova.

Vilkår for utbygginga:

- vassføringa nedstraums kraftstasjonen må sikrast mot utfall av kraftverket med forbisleppingsventil eller ev. turbin med tilsvarande funksjon, slik at ikkje brå endringar i vassføringa påverkar anadrom strekning. Ein forbisleppingsventil bør ha minimum kapasitet tilsvarande halvparten av maksimal slukeevne til kraftverket.
- med bakgrunn i verdier knytt til biologisk mangfald og friluftsliv bør det gå ei minstevassføring i elva tilsvarande 5-persentilen sommar og vinter
- rørgateframføring må ikkje kome i konflikt med stien/hestevegen langs vassdraget, ev. må denne setjast i stand att
- uttak av vatn til vassforsyning må ikkje få følgjer for minstevassføringa i elva
- avbøtande tiltak s. 63 i søknaden må følgjast opp under og etter utbygginga
- det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon langs vassdraget må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.”

Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjorde følgende vedtak i fellesutvalget 26.11.2008:

”

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at løyve vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Tilrådinga under punkt 1 er gjeven under føresetnad av at det skal leggjast jordkabel mellom kraftstasjonen og næraste koblingspunkt.
3. Det må takast omsyn til gamle stølsvegar og gamle ræser.

Vi refererer fra fylkesrådmannens vurdering:

[...]

6. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 14,71 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, rørgate, kraftverksbygning, kraftlinje) og redusert vassføring i Kvernelvi.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafør områda som vert omfatta av utbyggingsprosjektet. Det kan likevel ikkje utelukkast at det ligg til no uregistrerte automatisk freda kulturminne under markoverflata. Fylkesrådmannen ber difor om at dei som skal gjere arbeid i marka vert gjort merksam på følgjande:

"Ein har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå til Kulturavdelinga dersom ein under jordarbeid skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd."

Kulturminne frå nyare tid

Tiltaket ser ikkje ut til å komme direkte i konflikt med stølsmiljøet på Folabrekka. På generelt grunnlag vil fylkesrådmannen likevel peike på at eit stølsmiljø må vurderast som eit viktig kulturminne i seg sjølv og at tiltak i størst mogeleg grad bør skje på det eksisterande stølsmiljø sine premisser. Gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Det skal vere ein gamle hesteveg i området, bygd av svenske rallarar. Denne vegen må sjåast på som eit lokalt viktig kulturminne og må i den grad det er mogeleg ikkje gjerast skade på under anleggsarbeidet, eventuelle skadar på vegen må utbetrast etter at anlegget er ferdig.

Samla vurdering

I søknaden er det foreslått slepping av minstevassføring ved inntaket, 44 liter/sek om sommaren tilsvarende alminneleg lågvassføring og 22 liter om vinteren. Til samanlikning er femte lågaste naturlege vassføring ved inntaket berekna til 274 liter/sek om sommaren og tilsvarende 56 liter/sekund om vinteren. Fylkesrådmannen vurderer forslaget frå søkjaren som tilfredsstillande ut frå at elva er lite synleg frå busetnad og veg og at tiltaksområdet ligg i eller nær område med eksisterande tekniske inngrep som kraftlinjer, vegar, industriområde m.m.

I søknaden er nettilknytning omtalt som ei 200 meter lang kraftlinje til eit koblingspunkt ved Luster Betong sitt anlegg. I brev dgs. 25.06.2007 frå Luster Energiverk til søkjaren er det omtalt kabel på same strekning. Fylkesrådmannen føreset legging av kabel til aktuelt koblingspunkt."

[...]

Sogn og Fjordane turlag uttaler følgende i brev av 11.11.2008:

"Vi viser til høringsbrevet dykkar av 21.07.2008 og til konsesjonssøknaden som vi har henta via internett, og takkar for at vi fekk utsett høringsfristen. Fråseigna vår er basert på konsesjonssøknaden med vedlegg, informasjon henta via internett og samtaler med lokalkjende. Dessverre har vi ikkje hatt tid til å reise på synfaring, noko som hadde vore ein fordel.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 55 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 4.333. Røneid kraftverk ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Omtalen av brukarinteresser i punkt 3.11 på side 17 - 18 i konsesjonssøknaden ser ut til å stemme ganske bra, men er så kortfatta at vi ønskjer å gje nokre tilleggsopplysningar:

Kvernelvi ligg så nær Gaupne, at nedslagsfeltet er ein viktig del av nærtuområda rundt kommunesenteret. Det har stor verdi for dei som bur i tettstadar å ha friluftsområde så nær som det Gaupne har. Vi har dessverre ikkje detaljkunnskap nok til å vurdere dei ulike nærtuområda rundt Gaupne opp mot kvarandre, men går ut frå at området langs den andre Kvernelvi, den som renn tvers gjennom sentrum på motsett side av hovuddalføret, er enda viktigare.

I konsesjonssøknaden er den gamle hestevegen, bygd av svenske rallarar, omtala som lokal turveg. I tillegg er dette eit kulturminne. Dessverre er ikkje denne gamle hestevegen kartfesta godt nok. Det hadde vore ein stor fordel, og vi ber NVE vurdere å krevje dette. Av Detaljkart 1 og 2 i Vedlegg 3 og 4 ser det ut som ganske store delar av denne vegen er stipla, men det er vanskeleg å sjå kva som er denne spesielle vegen og kva som er meir vanlege stiar. Ved bygginga av kraftverket og røyrgata er det viktig å ta vare på denne turvegen/dette kulturminnet på ein best mogeleg måte! I den grad det vert skader, må desse reparerast så godt som mogeleg, og om turvande må starten på vegen skiltast viss det blir endringar/skader der den startar.

Når ein kjem opp i stølsområda, er dei viktigaste stiane stipla på kart, mellom anna NVE-atlas. På www.fylkesatlas.no, Avansert kart, finn ein også stiane, om ein hakar av for Stiar i Luster. Som det går fram av karta, går ein av stiane, den mellom stølane Folabrekka og Røyteholet, kloss ved inntaket og den planlagde overføringa av Strupegrovi i ein 270 m lang open kanal. Dette er ein uheldig konflikt. Ut frå kartmaterialet er det vanskeleg å bedømme kor ille det er. Etter vårt syn er den tilførte vassmengda så liten at heile overføringa bør sløyfast!

I omtalen av "Brukarinteresser" er "Konsekvensen av prosjektet er vurdert som ubetydeleg/lite (0/-)". Dette er ei vurdering vi er ueinige i, vi meiner konsekvensen for brukarinteressene er klårt meir negativ enn dette, nær opp mot Middels negativ.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for kraftstasjonen varierer mellom maks 200% og min 9,6% av gjennomsnittsvassføringa. Vassutnyttinga gjennom året er heile 78%, medan det vanlege er 65 – 70%. Til saman indikerer dette ei så pass hard utbygging at det er grunn for NVE til å sjå nærare på det.

Inntak: Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er det uråd for oss å ha ei skikkeleg mening om plasseringa av inntaket. Bedømt ut frå konsesjonssøknaden, ser plasseringa ut til å vere OK, men dette må NVE vurdere nærare under sluttsynfaringa.

Overføringa av Strupegrovi via ein 270 m lang open kanal, er vi sterkt kritiske til. Spesielt ettersom denne kanalen, bedømt ut frå kartet, i heile si lengde går langs stien mellom stølane

Folabrekka og Røyteholet. Det ser ut som vassmengda som vert overført via denne kanalen er liten. (Er den verkeleg berre 20 l/s, mindre enn halvdelen av Alminneleg lågvassføring?) Ut frå dette ber vi om at overføringa vert sløyfa, og at sløyfinga vert sett i samanheng med storleiken på minstevassføringa som vert slept over dammen. Det som eventuelt kan tale mot dette, er omsynet til "Lok. Nr. 3. Kvernelvi, øvre. Bekkekløft. Viktig – B.", sjå Miljørapporten. For å oppretthalde mest mogeleg av det biologiske mangfaldet i denne bekkekløfta, vil størst mogeleg minstevassføring vere ein fordel. Vårt syn er at vi ønskjer at inngrepa i inntaksområdet vert reduserte mest mogeleg gjennom at heile overføringa via den opne kanalen vert sløyfa. Vi ber NVE vurdere dei kryssande omsyna her, og kontrollrekne vassmengda som vil gå via kanalen.

Røyrgate: Det er positivt at heile røyrgata skal gravast ned! Som alt nemnt, ber vi om at røyrgata vert lagd slik at ein mest mogeleg unngår konflikt med den gamle stølsvegen bygd av svenske rallarar. Der det blir konflikt, ber vi om at vegen blir bygd opp att over røyrgata.

Kraftstasjonen: Utan å ha vore på synfaring er det uråd for oss å ha konkrete synspunkt på plasseringa, men dette vurderer sjølv sagt NVE. Likeins ber vi NVE vurdere kvar utløpet skal gå, ut frå både tekniske omsyn og omsynet til den anadrome fisken i elva. Støydemping er som nesten alltid viktig, og vi ber om at både vasskjølt anlegg og vasslås på utløpet vert kravt.

Av omsyn til fisken nedstrøms kraftstasjonen må omløpsventil for å redusere skadeverknadane som følgje av brå stopp i kraftstasjonen, vere eit absolutt krav. Av 2. avsnitt på side 14 ser det ut som utbyggerane har planlagt dette, og det er bra!

Vegbygging: Det er mange vegar i området frå før, og det er derfor ønskjeleg at flest mogeleg av dei midlertidige anleggsvegane vert fjerna etter utbygginga. Særleg gjeld dette slike som går "vertikalt" i terrenget, og som derfor vanlegvis vert mest synlege på avstand. Den ekstra vegen fram til inntaket, ber vi om vert omgjort til køyresterkt terreng etter utbygginga. Då vert den mindre synleg, samstundes som den gir ein fullt ut tilfredsstillande tilkost til inntaket.

Kraftlina: Vi er litt usikre på korleis det som står om dette skal tolkast, men ber NVE krevje at lina vert lagd i kabel fram til det eksisterande 22 kV linenettet.

Alternative utbyggingsløyningar: Vi er einige med grunneigarane i at ei småkraftutbygging i Kvernelvi totalt sett vil vere betre enn ei overføring til Leirdøla.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Hydrologi – minstevassføring: Ved fastsetting av minstevassføringa er det særleg 4 ting ein må ta omsyn til:

- 1. **Landskapet.** Ettersom elva i følgje konsesjonssøknaden er lite synleg i landskapet, er dette neppe det viktigaste omsynet i dette tilfellet.*
- 2. **Biologisk mangfald.** Omsynet til "Lok. Nr. 3. Kvernelvi, øvre. Bekkekløft. Viktig – B.", sjå Miljørapporten, ser for oss ut til å vere eit viktig omsyn. Men dette har både NVE og Fylkesmannen betre folk til å vurdere enn det vi har.*
- 3. **Fisk.** Den nedste delen av elva er viktig for anadrom fisk, mellom anna som gyte og oppvekstområde. Fisken/ungelen lever i stor grad av mat som vert frakta nedover med elva. Stor minstevassføring er derfor viktig for å halde oppe ein best mogeleg biologisk produksjon i elva mellom inntaket og kraftstasjonen.*

4. **Fugl, særleg fossefall.** Stor minstevassføring er viktig for å halde oppe tilgangen på mat til dei aktuelle fugleartane, og for å sikre reirplassane for fossefallet. Sjølv om det vert sett ut rugekassar, treng fossefallet likevel at det er ei viss vassføring att i elva!

Utbyggerane har gjort framlegg om å sleppe 50 % av Alminneleg lågvassføring om vinteren og 100 % om sommaren. Ut frå dei omsyna vi har nemnt ovanfor, er dette altfor lite! Vårt syn er at omsyna tilseier at det bør settast krav om ei ganske høg minstevassføring, og vår tilråding til NVE er å nytte 5-persentilane sommar og vinter som minstevassføring.

Kulturminne: Etter vårt syn er den gamle stølsvegen bygd av svenske rallarar eit kulturminne som må takast omsyn til/takast vare på.

Landbruk – anleggsvegar: Vi ber NVE krevje at utbyggerane seinast før sluttsynfaringa har avklara kva anleggsvegar dei eventuelt ønskjer skal vere permanente, slik at eventuelle konflikter kan vurderast under synfaringa.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser: I konsesjonssøknaden er det opplyst at det i dag eksisterer eit felles vassforsyningsanlegg som er bygd kring 100 m opp i elva, og som i tillegg vert nytta til vatning. Etter ei eventuell kraftutbygging, vil vassføringa i elva bli kraftig redusert. Av omsyn til mattilgang til den anadrome fisken/ungelen i den nedste delen av elva, er det viktig at det renn ein del vatn i elva også mellom vassforsyningsanlegget og utløpet frå kraftstasjonen. På grunn av dette, ber vi NVE fastsette ei øvre grense for kor mykje vatn som kan takast ut i vassforsyningsanlegget. Grensa må sjåast i samanheng med storleiken på minstevassføringa, og må vere mykje mindre enn den, slik at ein ikkje risikerer at elva nedstrøms vert nesten tørr. Andre alternativ er å tappe vatn direkte frå røyrgata, eller å pumpe undervatnet i kraftstasjonen inn på vatningssystemet. Eller ein kombinasjon av 2 eller 3 av alternativa. Vi ber NVE og utbyggerane vurdere kva som vil vere det/dei beste alternativa.

Avbøtande tiltak:

Når det gjeld minstevassføring og støy, viser vi til det vi har skrive lenger oppe i fråsegna. Dei habitatfremjande tiltaka ser positive ut, så langt vi har kunnskap til å vurdere dei.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Nær Gaupne sentrum er no 2 småkraftutbyggingar under handsaming i NVE. Denne, og utbygginga av den andre Kvernelvi (vert også kalla Engjadalselvi) som renn ned midt i Gaupne sentrum, og som er planlagt utbygd i Engjadalselvi kraftverk. Sjølv om desse utbyggingane er i ulik fase i sakshandsaminga i NVE, ber vi likevel NVE om å sjå dei i samanheng. Vårt syn:

Engjadalselvi kraftverk vurderer vi som svært kontroversiell. Det er ei svært godt synleg elv, og ein viktig visuell og høyrbar del av miljøet i Gaupne sentrum. Vi går sterkt mot utbygging av den elva.

Røneid kraftverk er i konflikt med friluftslivet, men vi vurderer konfliktnivået til å vere innanfor akseptable grenser. Utbygginga er derfor akseptabel, sett frå vår synsstad. Vi viser likevel til det vi har skrive ovanfor om sløyfing av inntaket av Strupegrovi og om større minstevassføring, og føreset at NVE her gjer "endringar/forbetringar" samanlikna med det som er konsesjonssøkt."

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane utaler i brev av 09.10.08:

Vi har motteke denne søknaden og har fylgjande merknader: Dersom ein ser på denne søknaden isolert, skulle ikkje dette kraftverket vere særleg problematisk ut frå omsynet til landskap, naturmangfald, friluftsliv osv. Elva følgjer eit elvefar som er lite synleg, og området er også lite nytta til friluftsliv. Området er frå før prega av ein god del tekniske inngrep. Denne utbygginga må difor sjåast i samanheng med andre kraftutbyggingar i området og planar om nye slike prosjekt.

Situasjonen i dag er at mange elvar i dette området alt er utbygde eller det er planlagt nye kraftverk. Det gjeld elvane Leirdøla og Fonndøla og lenger opp i dalen Vigdøla, der det i tillegg til tidlegare utbygging (Jostedalsutbygginga) er planlagt eit småkraftverk. Like ved det planlagde Røneid Kraftverk er det også sendt konsesjonssøknad for småkraftverk i Engjadalselvi på andre sida av dalen.

Både Luster kommune si kartlegging av vassdraga i kommunen, konsesjonssøknaden og miljørapporten finn at Kvernelvi ikkje er av dei mest konfliktfylte elvane, og ei utbygging vil ha "middels/lite negativ verknad (Miljørapport s. 64). Miljørapporten ser likevel grunn til å understreke at" det er likevel grunn til å peike på at med den omfattande utbygginga av vassdrag som er utførte og under planlegging, så er det aukande fare for at sjølv einskilde meir vanlege element knytt til slike vassdrag er i ferd med å bli sjeldne (s. 63).

Her er rapporten inne på noko som må vere sentralt og viktig i samband med slike utbyggingar. Ikkje berre ut frå omsynet til naturmangfaldet i og kring desse elvane, men også landskapet, friluftslivet osv., bør tidlegare og planlagde kraftutbyggingar av mindre eller større omfang sjåast i samanheng. Ut frå ei slik vurdering vil då truleg Røneid Kraftverk ikkje vere særleg konfliktfylt, men heilt annleis vil det vere i samanheng med t.d. planar for bygging av kraftverk i Vigdøla og Engjadalselvi.

Konklusjonen må såleis vere slik Naturvernforbundet ser det, at Røneid Kraftverk kan få konsesjon for bygging av småkraftverk, men at utbygging i Vigdøla og Engjadalselvi har så store skadeverknader at løyve ikkje kan gjevast."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev/e-post av 20.05.09 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"Luster kommune

Tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Røneid kraftverk med tilhøyrande elektrisk anlegg som omsøkt med dei avbøtande tiltaka som søkjaren sjølv føreslår.

Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Tilrår at det vert gjeve konsesjon under føresetnad at det vert lagt jordkabel mellom kraftstasjon og næraste koplingspunkt.

Det må takast omsyn til gamle stølsvegar og ræsar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

FM vurderer at denne utbygginga på visse vilkår er akseptabel i høve allmenne interesser.

Sikre vassføring nedstrøms kraftstasjon ved utfall av kraftverket.

Forbisleppingsarrangementet bør ha minimum kapasitet tilsvarande halve maksimale slukeevne til kraftverket.

Med bakgrunn i verdier knytt til biologisk mangfold og friluftsliv, bør det sleppast minstevassføring lik 5-persentilen sommar og vinter.

Røyrgata må ikkje kome i konflikt med stien/hestevegen langs vassdraget, evt. settast i stand att.

Uttak av vatn til vassforsyning må ikkje få følgjer for minstevassføringa i elva.

Avbøtande tiltak i konsesjonssøknaden må følgjast opp

Det må tas omsyn til vegetasjon i området og kantvegetasjon.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Utbygging av Røneid kraftverk er truleg ikkje særleg konfliktfylt og Røneid kraftverk kan få konsesjon.

Sogn og Fjordane Turlag.

Viktig å ta vare på turstien/hestevegen langs vassdraget.

Stien mellom Folabrekka og Røyteholet går tett inntil inntaket og den planlagde overføringa av Strupegrovi. Vassmengda av denne er så lita at den bør sløyfast.

Turlaget meiner konsekvensen for "Brukarinteresser" er større enn "ubetydeleg/lite (0/-)".

På grunn av den øvre naturtypelokaliteten (nr.3), bør minstevassføring vere størst mogleg. Dette må vurderast mot overføring av Strupegrovi. Minstevassføring vere 5-persentilen sommar og vinter. Uttak av vatningsvatn må reduserast eventuelt ordnast med andre løysingar som pumping undervatnet i kraftstasjonen.

Kraftstasjonsplassering må ta omsyn til den anadrome fisken i elva. Det må installerast omløpsventil i kraftstasjonen.

Veger bør fjernast etter utbygging og veg til kraftstasjonen bør bli omgjort til køyresterkt terreng.

Kraftlinja må leggjast som kabel.

Kommentarar frå Røneid grunneigarlag

Overføring av Strupegrovi.

Strupegrovi er ein liten bekk som renn ut i Kvernelvi like nedstrøms planlagt inntak. Bekken har ikkje årssikker vassføring. Overføring av denne bekken betrar produksjonspotensialet i prosjektet.

Stien til Røytehola er veldig lite brukt og vanskeleg å følgje på grunn av gjengroing. Stien vart etablert mens det var stølsdrift på Folabrekka og nokre bønder på Indre Hafslo leigde stølsrett på Folabrekka. Dette er lenge sidan. Det som er att av stien går lenger oppe enn overføringa og på grunn av hellande terreng og vegetasjon, vil ein ikkje sjå overføringa frå stien. Nedgraving av PE-røyr kan vere aktuelt for å la vegetasjonen gro att langs overføringa. Dessutan vil røyrgata gå på denne sida av elva og det vert derfor inngrep uansett.

Omlegging av tilkomstveg til køyresterkt terreng.

Vegen fram til inntaket er ei kring 350 meter lang forlenging av eksisterande veg opp til stølen Folabrekka. Vegen er naudsynt for anleggsarbeidet i inntaket. Etter anlegget er ferdigstilt, vil vegen bli brukt til tilsyn og eventuelt vedlikehald.

